



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
67/2017	Kommunestyret	PS	16.10.2017
72/2017	Kommunestyret	PS	23.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033, TI - &29	17/547

INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - BARNEHAGEOPPTAK FOR 1 ÅRINGAR

Frå Kjartan Haugsnes ligg det føre slik interpellasjon:

Barnehageopptak for 1 åringar

Byrådet i Bergen har i sitt budsjettframlegg september 2017 vedteke å gje rett til barnehage frå fylte 1. år, og tilpassar seg slik meir til det som er verkelegheita for småbornsforeldre. Barnehagelova seier slik:

§ 12a. Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Det er soleis ikkje mykje som skil mellom lov og lovnad i Bergen med dette forslaget, men vil ha stor innverknad for dei born som i dag fell utanfor loven sin bokstav i § 12a.

Vaksdal kommune ønskjer å utvikle seg til ein attraktiv bukommune – og for småbornsforeldre. Nye barnehagar på Stanghelle og Vaksdal, og planlegging av ny barnehage på Dale på trappene er gode satsingar. Men skal ein kunne tiltrekke seg familiær til Vaksdal kan ikkje rammene for familiær vere dårlegare enn i nabokommunen Bergen.

På kort sikt vil og ein garanti for barnehageplass frå fylte 1 år kunne gjere kvardagen enklare for dei familiiane som allereie bur i kommunen i dag.

Spørsmål:

Vil ordførar ta initiativ til å få på plass rett til barnehageplass i Vaksdal kommune frå fylte 1 år?

Kommunestyret - Sak 67/2017

KOM - Behandling:

Saka utsett til 23.10.2017

KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret - Sak 72/2017

KOM - Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Dette er eit positivt innspel. Som skrive i interpellasjonen kan dette gjera kommunen attraktiv for andre, men òg viktig er det at det vil hjelpe allereie busette til å få kvardagen til å gå opp. Med berre ein «teljedato» for born i barnehage har det allereie no i haust gjort foreldre urolege for korleis dei skal få kvardagen til å gå opp viss dei ikkje får barnehageplass på nyåret. Dette gjeld spesielt dei som har fått born som er født frå desember – juni. På ei anna side vil eit fleksibelt opptak bety at barnehagane til ei kvar tid må gå med høgare bemanning enn om ein planlegg for eit år om gongen. I første omgang arbeider administrasjonen med å opprette fleire plassar frå januar 2018 slik at dei som ønskjer kan få plass.

Eg vil be administrasjonen belyse/greie ut dei økonomiske og faglege konsekvensane av ein slik garanti. Utgreiinga må sjåast i samanheng med ev. ny pedagog- og bemanningsnorm som er varsle til våren og kan inngå i arbeidet med nytt handlingsprogram og økonomiplan.

KOM - Tilråding/Vedtak: